

**Vedlegg til sak 53/14: Kompensasjonsfondet. Søknader om driftsmidler
Nordhordlandspakken for 2015**

Forslag til vedtak:

Regionrådet løyver 200 000,- frå kompensasjonsfondet til Nordhordlandspakken AS for drift av selskapet i 2015.

Saksutgreiing

Nordhordlandspakken AS søker om 200 000,- til drift av selskapet for 2015.

Regionrådet gjennom NUI eig 40% av Nordhordlandspakken AS, medan Hordaland fylkeskommune har 40 % og Bergen kommune 20 %.

Nordhordlandspakken er det det høgast prioriterte samferdsleprosjektet i regionen og har i fleire år motteke driftstilskot frå kompensasjonsfondet til Regionrådet (varierte frå årleg sum kr. 200 000 til 250 000). Dette har vore tilskot til årlege driftskostnader.

Nordhordlandspakken AS har denne hausten vore på høyring til kommunane, og kommunane har no handsama denne politisk og sendt høyringsuttalar til Statens vegvesen Region Vest. Det no eit mål om endeleg fylkeskommunal handsaming av pakken i fylkestinget sitt møte i desember, og så vil styret arbeida for at Stortinget handsamar pakken i 2015 – aller helst i vårsesjonen.

Selskapet har grunna stor aktivitet m.v. hatt høgare kostnader enn inntekter i 2014, og har opparbeidd seg eit udekka tap som ein reknar med vil vera om lag kr. 75 000 ved årsskiftet. Selskapet er for vidare drift avhengig av midlar frå eigarane – og for endeleg å få pakken i hamn, og søker no om driftstilskot for 2015.

Då Nordhordlandspakken AS har eit udekka tap i øyeblikket, og for å møta utgifter i starten av 2015, tilrår NUI at Regionrådet løyver og utbetalar driftsmidler for året 2015 no.

Vedlagt fylgjer søknad frå Nordhordlandspakken AS.

Knarvik, 30. oktober 2014

Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingselskap IKS